

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

Råd:	Stord sokneråd
Tid:	Tirsdag 14. juni 2022 Kl. 19.00 – 21.00
Møtestad:	Prestegarden på Fitjar (hos Olav)
Opning:	Sigrunn

Til stades: Anders Dahl, Kirsti Angvik Frugård, Sigrunn Ljosland, Olav Johannes Oma, Egil Petterteig, Dag Sele, Sigrid Beate Eskeland, Signe Vorland (1. vara), Dagfinn Koppang (3.vara), Arne Drønen (4.vara)

Andre: Prost Svein Arne Teodorsen deltok også. Han blir fast medlem av soknerådet som sokneprest ein periode over sommaren.

Forfall: Nils Dale Elde, Ingeborg I. H. Ørjasæter, Dag Kjetil Lægreid (2.vara)

SAKLISTE

2022/38- 012 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Godkjent
Samrøystes

2021/39- 012 Godkjenning av møtereferat frå sist soknerådsmøte

Vedtak: Godkjent
Samrøystes

Orientering frå AU om saker vedteke på fullmakt

Ingen saker

2022/40- 211 Utlysing av prestestilling(ar)

Sokneprest Olav Oma har søkt stillinga som sokneprest på Fitjar og einaste søkjar til stillinga. Tilsetting på Fitjar vil skje i bispedømerådsmøte 10.juni.

Prost Svein Arne Theodorsen vert med i møtet og presenterer forslag om utlysing av ei eller to prestestillingar på Stord. Soknerådet tar stilling til om ein tilsluttar seg forslaga til utlysing.

Utkast til stillingsutlysingar vert presentert i møtet eller sendt ut i forkant.

Vedtak:

Soknerådet ønsker sterkt at det blir lyst ut stillingar som både sokneprest og spesialprest med hovudvirke inn mot ungdom, studentar og unge vaksne.

Samrøystes

2022/41- 012 Møteplan og oppdatert årshjul for hausten 2022

Vedtak:

Soknerådsmøter (alle kl 19-21), årshjul med tema vedlagd:

Onsdag 31.aug

Tysdag 4.okt (*Møte i perioden 30.sept – 5.okt for innstilling av ny sokneprest*)

Tysdag 8.nov

Torsdag 1.des

Tirs 3.jan (*9.des – 5.jan for stemming over kandidatar som ny biskop*)

NB! Tema om trusopplæring vert utsett til januar 2023 i årshjulet.

Misjonsprosjektet blir tema i august 2022. Signe tek kontakt med fam. Haaland med spørsmål om å delta.

Andre relevante datoar:

21.aug – Avslutningsgudsteneste for Olav?

9.-10.sept – Døgnet 2022

3.nov – Prostidag med avskjed for biskop Halvor Nordhaug

MØTEPROTOKOLL STORD SOKNERÅD

4.-6.nov – Kyrkjelydsleir på Brandøy
13.-14.jan 2023 – Døgnet 2023

AU-møter (kl 16-1730): 23.aug, 22.sept, 31.okt, 22.nov, 15.des
Samrøystes

2022/42- 010 Sommarfullmakt 2022

Vedtak:

Stord sokneråd gjev arbeidsutvalet fullmakt til å gjera vedtak på vegne av soknerådet, fram til første soknerådsmøte etter sommarferien. Fullmakter er avgrensa til saker som soknerådet etter gjeldande lover og reglement har høve til å delegere.

Vedtaka skal leggjast fram for soknerådet i første møte etter sommarferien.

Samrøystes

NB. Olav Oma er del av arbeidsutvalet fram til avskjedsgudstenesta og erstattast deretter av Svein Arne Theodorsen.

Orienterings-/drøftingssaker utan vedtak:

1. «Kva skjer i kyrkja vår?», orientering v/sokneprest
 - Flotte stiftsdagar med godt fagleg påfyll og kjekt å dra saman som stab.
 - «Folk i sentrum», med både stand i sentrum og Pub-gudsteneste på Osvald Pub. Dette var veldig kjekke opplevingar og mange har gitt god tilbakemelding på initiativa! Særleg kjekt å oppleve å bli møtt veldig velkommen av tilsette ved Osvald Pub.
2. Innspel frå utvala – tankar om hausten
 - Møte i diakoniutvalet med IKF vedr arbeid overfor flyktningar. Stort behov.
 - Trusopplæringsutvalet ønskjer avklaring om kven som møter der frå staben.
 - Kyrkjeliv: God oppslutning om søndagskaffi i Kyrkjestova. Behov for å styrka kyrkjelydshelg-komiteen.
3. Orientering frå Fellesrådet v/ Dag.
 - Utlysing av kyrkjemusikar og diakonimedarbeidar, begge i utvida stillingar, skal opp i FR i morgon. Vikariat for trusopplærar blir utlyst administrativt
4. Løypemelding frå arbeidet med SPIRA v/Olav
 - Noverande redaksjon fortset med eit september-nummer. Etter dette blir det gjort ei evaluering. Ingen 3.-nummer i 2022.
5. Evaluering / tankar om soknerådsarbeidet.
 - Perioden og gløden vår kanskje litt hemma av korona-begrensningar. Litt tungt å koma i gang igjen, også i soknerådsarbeidet.
 - Utvala er den beste arenaen for å arbeida kreativt / med «dei gøye tinga»
 - Gode relasjonar innan soknerådet er positivt.
 - Organisering, førebuing og avviking av møta går fint.
 - Me utfyller kvarande fint i SR, med ulike interesser og eigenskapar.
 - Rivande utvikling i det kyrkjelege arbeidet over ein del år.
 - Soknerådsarbeidet er lærerikt.
 - Me har satt pris på eit godt samarbeid med sokneprest Olav i soknerådsperioden og sit att med mange gode opplevingar.

• **Skriv, referat og meldingar**

1. Ny biskop i Bjørgvin - prosess og namneforslag
2. Referat, Arbeidsgruppa for frivillig teneste 19.mai
3. Referat, Styringsgruppa for kyrkjelydshus 24.mai
4. Referat, Kyrkjestova Fredheim 24.mai
5. Referat, Diakoniutvalet 2.juni

Anders Dahl
soknerådsleiar
Sign

Dag Sele
nestleiar og referent
Sign